

## Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkestinget vedtek eit treårig partnerskap med Bergen kommune om Havbyen Bergen som vist i saksframlegget
2. Vestland fylkeskommune og Bergen kommune skal ha ein representant kvar i styret av Havbyen Bergen. Styret skal leiast av fylkesordførar. Næringsbyråd i Bergen kommune skal vera nestleiar.
3. Fylkesdirektør vert gitt fullmakt til å bidra til å slutføre prosess fram mot at samarbeidsavtalen om Havbyen Bergen vert vedtatt av dei respektive partane. Dette inkluderer fullmakt til å gjera mindre endringar og revisjonar av avtalen.
4. Fylkeskommunal finansiering vert handsama i samband med budsjett 2022/økonomiplan 2022 - 2025. Fylkestinget løyver kr. 1 000 000,- i budsjett 2022 og vil løyve kr 1.000.000.- årleg i 2023 og 2024 for finansiering av drift og administrasjon av prosjektet.
5. Vestland fylkeskommune si finansiering føreset at andre partnarar bidreg finansielt i samsvar med sluttrapport frå forprosjekt.
6. Rapport for prosjektet vert lagt fram for fylkestinget årleg. Prosjektdeltaking vert evaluert haust 2022 med omsyn til om ein lukkast med å hente inn eksterne økonomiske bidrag og/eller eigeninnsats frå næringsliv og organisasjonar.